

Mal for tilstandsrapport 2015/16 vil følgje prioriteringane i Styringsdokument 2013-2015. Det vil bli utarbeidd ein ny mal neste skuleår.

FYLLINGSDALEN VGS

Tal elevar skuleåret 2015/16:

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

Skulen si vurdering i lys av:

Andel fullført og bestått

Andel stryk og IV

Gjennomsnittleg fråvær

Andel sluttarar

1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)

2014/15	79 %
2015/16	69,7%

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)

		Andel stryk	Andel IV
Termin 1	2014/15	61 personer	72 personer
	2015/16	66 personer	72 personer
Standpunkt	2014/15	37 personer	36 personer
	2015/16	49 personer	44 personer
Eksamen	2014/15	43 personer	
	2015/16	36 personer	

1.3 Gjennomsnittleg fråvær (PULS)

2014/15	timar	21,96
	dagar	12,13
2015/16	timar	23,87
	dagar	10,7

1.4 Andel sluttarar Avbrotsdato frå 1/10 (PULS)

2014/15	6,1 (35) PERSONER
2015/16	5,4 (33) PERSONER

1.5 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17

Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?

Ser vi på dei ulike programområda og elevar som avslutta ved FYV:

3MD 2 klassar - 40 elevar, 2 kompetansebevis og 38 vitnemål.

3 STUSP 2 klassar - 60 elevar, 24 kompetansebevis og 36 vitnemål

3 Påbygg 3 klassar – 65 elevar, 31 kompetansebevis og 34 vitnemål

2HO: 2 klassar, - 29 elevar, 3 elevar har ikkje bestått

Som det går fram av tala over, har vi, med unntak av 3 MD, altfor mange elevar som ikkje fullfører og består.

Mange elevar har høgt fråvere og IV eller 1 som vurdering – tydeleg samanheng mellom fråvere og låge prestasjonar i faga.

Elevar som sluttar i Påbygg-klassane (14 elevar slutta etter 1.10. og 2 elevar før 1.10.) og på HO Vg2 (- 6 elevar - 1 før 1.10). Ser vi på inntakspoengsummene, har mange elevar på Påbygg for dårleg bakgrunn (låg inntakssum) og mestrar ikkje krava.

På STUSP (Vg1, Vg2 og Vg3)var det 4 elevar som slutta etter 1.10.

Elevane melder ulike sluttårsaker, permisjon, annan skole, manglande motivasjon, og arbeid.

Ser vi på totalsummen for andel som har fullført og bestått er det urovekkande lågt...Studieforberedande 75,7 %, Yrkesfag: 59,1 % og Påbygg 44,9 %.

Vi har hatt ei negativ utvikling.

Inneverande skuleår starta vi «TETT PÅ» prosjektet. Prosjektet kom seint i gang, ikkje før i oktober. Vi har tru på at vi vil kunne redusere fråvær, sluttarar, elevar med IV ved tett oppfølging av kvar einskild elev. Faglærar, kontaktlærar, rådgjevar, leiinga vil tidleg innhente informasjon om elevane våre. Tett På i alle klassar frå skolestart.

Blikk for alle – fokus på den einskilde, saman med Tidlig – tydelig og tett på, allereie frå skulestart trur vi vil gje andre resultat neste skuleår. Vi har arbeidd med prosjektet og meiner vi har føreteke justeringar som vil føre til positiv endring.

Også neste skuleår vil vi ha fokus på Påbygg allereie frå skolestart. OBS på elevar som kjem frå andre skolar. Tett oppfølging og skaffe oss kjennskap til elevane sin bakgrunn før Påbygg. Vi må syte for at dei vert integrert på skolen og får eit godt klassemiljø.

Sterkere læringstrykk generelt på skulen må til...

Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å

sikre desse overgangane?

Her kan vi trekke inn arbeidet med:

Startsamtalen på alle trinn

Oppstarten/Startveka for nye elevar

Tett-På prosjektet

- Alle kontaktlærarar melder informasjon om elevar med aukande fråvær til avd.leiar kvar veke dei første månadane
- Leiinga besøker i klassene – tidlig haust og orienterar elevane om: fag og karakterar – konsekvensar ved høgt fråvær Kompetansebevis/vitnemål
Konsekvensar dersom elev får IV i eit eller fleire fag,

Samarbeid med foreldre - tidleg foreldremøte med informasjon m.a. om fråvere og konsekvensar og kva vi forventar i samarbeidet med foreldra

Klasseleiing – felles reglar – orden og struktur ved start og avslutning samt mål for timane

Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?

Her må vi sjå på årsaken til at ein elev sluttar, og eventuelt setje inn tiltak som kan hindre/reducere fråfallet. Vi må redusere talet på sluttarar, difor har vi valt tiltaket med Tett På.

Skulen treng opplysningar om nye elevar, dersom dei t.d. har informasjon/dokumentasjon som skulen treng, her vil Startsamtaalen vere til god hjelp.

Dersom eleven ikkje møter på skolen etter informasjon er gitt og samtalar gjennomført, vil vi starte prosessen med å avslutte eleven sitt forhold ved skolen. Det er ikkje positivt for klasse miljøet at elevar blir ståande på klasselistene/gruppelistene utover året, men møter ikkje til timane.

Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?

Vi må få redusert andelen sluttarar og vi må få fleire elevar som fullfører og består ved skulen.

Vi har fylgt opp tettare i år og fortset neste år – med nokre endringar vi har gjort ut frå erfaringar og tilbakemeldingar frå lærarane. Vi må ha enda sterkare fokus på elevar med fråvere og kvifor.

Vi har tru på om vi får elevane til å møte på skolen (til timane) kvar dag, er «mykje gjort». Vi vil sjå elevane og følge opp, men og stille krav til frammøte og skulearbeid.

Arbeide tettare med fagseksjonane når et gjeld vurdering – særskilt eigenvurdering og undervegs vurdering. Sjå prosjekt som var prøvd 2015/16 i framandspråk – vurdering utan karakter før 1. termin. (Vedlegg)

Vi startar komande skuleår med eit prosjekt innan lesing og skriving.. Her skal alle lærarar vere med i prosjektet.

2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16

2.1 Vurdering for læring

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:

Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Her kan vi syne til erfaringane som språkseksjonen har gjort, forsøket med vurdering utan karakter i første termin (sjå vedlegg). Lærarane som har hatt prosjektet vil presentere prosjektet og dele erfaringane dei har gjort inneverande skuleår.

Nytt prosjekt lesing/skriving

Trekke elevene meir med i vurderingsarbeidet, undervegsvurdering og eigenvurdering. Seksjonane har arbeidd med vurderingsarbeidet over tid, og har gode rutinar på samarbeid innan fag/trinn. Her kan vi arbeide vidare med rutinane og får fleire lærarar med.

«Lokale gode dømer»: bruke elevane og la dei presentere sine «gode Dømer» etter same mal som lærarane i «FYV gode dømer»

Vektlegge vurdering for læring, ikkje berre ha fokus på karakter, særskilt i 1. termin.

Eleven skal finne det positivt å vere på skolen. Gje eleven kjensle av at han går glipp av noko dersom han ikkje møter på skolen.

2.1.2 Utfordringar innan «vurdering for læring»

- Korleis kan vi sørge for at elevane forstår verdien av verbale eller skriftlege tilbakemeldingar på oppgåver (ikkje nødvendigvis karakter). Tilbakemeldingane skal fortelje eleven om kvaliteten på prestasjonen.
- Lærar skal gje råd om korleis eleven kan forbetre seg.
- Korleis involvere eleven i eige læringsarbeid og vurdere eige arbeid
- Klasseleiing har stor betydning for læringsmiljøet og elevane si læring. Lærar må vere tydeleg leiars, skape positivt miljø, arbeidsro og motivere elevane.
- Korleis få kontinuitet i undervisninga når elevar har høgt fråver?

2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:

Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Vurdere arbeidet med elevsuperbruker.

Meir forståelse mht til bruk av data som ped. hjelpemiddel.

- God utvikling i bruk av planlegger på it's learning
- Engelsk Vg1 har kun brukt digitale læremiddel i år
- Nokre elevar og lærarar starta med G-skole, Dei melder om gode erfaringar.
- Elevsuperbrukar har hatt eigen lærar som har fylgt opp. Dette har ført til meir og betre arbeid innan elevane si IKT-kompetanse.

2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»

Utfordringar:

Alle lærarar nyttar planleggaren

Gode rutinar for bruk av mobil og PC

Gode diskusjonar om variert undervisning – mellom tradisjonell og digital

2.3 Klasseleiing

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.3.1 Vurdering av «klasseleiing»:

Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleiing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

- Elevane trives på skulen og i klassen sin
- *Betre tilbakemelding på arbeidsro.*
- *Bli betre på elevmedverknad.*
- *Fasthalde innarbeid system med korleis vi avsluttar timane - lærar/elev*
- *Ryddige klasserom: her må vi bli betre*
- *Mobilbruk*

2.3.2 Utfordringar innan «klasseleiing»

Utfordringar:

Orden i klasserommet. Jfr. Medarbeiderundersøkelsen. Lik praksis hos alle lærarar
Felles regel for mobil i klasserommene. Mobilen skal stå i Flymodus og skal i timane oppbevarast i sekken

3 Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt med

3.1 Gi ein kort omtale av tiltaket

Tett-På

Leiinga har fått melding frå kontaktlærer kvar veke om elevar som har høgt timefråver og eller dagfråver. Dersom eleven treng samtale/oppfølging, vert det gjort, anten med kontaktlærer/rådgjevar/leiinga. Tydeleg kven som følgjer opp eleven til ei kvar tid.

3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?

Vi sette i gang tiltaket for å redusere fråveret og få fleire som fullfører og består. Vi ser ikkje dei resultata vi hadde håpa på. Vi ser ikkje positiv endring i talet på elevar som fullfører og består

3.3 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Hyppige tilbakemeldingar frå kontaktlærer. Rådgjevar deltek på møter med leiinga kvar veke, og gjev informasjon om elevar.

3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?

Leiinga og personalet er meir bevisst på kvar einskild klasse og korleis situasjonen i klassen er.

Vi legg vekt på tilbakemeldingane frå kollegiet. Dei har vore positive til tiltaket og dei har kome med forslag til korleis vi kan endre på rutineane for å få betre oversikt tidlegare.

Vi har meir fokus på elevane i alle klassar.

3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?

Ja. Vi vil arbeide vidare med tiltaket, men med ein del justeringar jfr. erfaringane vi har gjort gjennom dette skuleåret.

Vi vil i år byrje ved skolestart, og vere tydelege kva mål og meining skolen og leiinga har med prosjektet. Viktig at alle er med og bidreg i arbeidet.

4 Prosess knytt til tilstandsvurdering

4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?

- Presentasjon av prosjekt og kva mål skolen har og kvifor.
- Informasjon til kollegiet ved skolestart.
- Informasjon i alle klassar.
- Fagseksjonar, klasselærarråd.
- Tillitsvalde
- Seminar i februar 2016 med tema Tett På. Rektor på Nydalen vgs var med ein heil dag og informerte om sine erfaringar i tilsvarande prosjekt. På seminaret arbeidde Kollegiet med prosjektet og gav tilbakemeldingar om kva som fungerte og kva som kunne bli betre.
- Oppsummering på fleire fellesmøter med heile det pedagogiske personalet tilstades. der vi og fekk forslag til endringar/forbetringar i prosjektet med tanke på neste år.
- Tilbakemelding frå kontaktlærarane til faste tider.
- Kven eig eleven??
- Dersom tiltak vert sett inn i samband med elev med høgt fråver, må tiltaket registrerast i One Note. (Kontaktlærer, rådgjevar eller leiinga), og vurderast.

4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

I hovudsak har leiinga hatt ansvar for tiltaket og vore sterkt involvert saman med kontaktlærarar og rådgjevarar.

Leiinga har fordelt ansvaret for klassane.
Hovedfokus på oppstarten og 1. termin.

4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Informasjon frå alle ledd.
Sak på alle leiarmøte
Rådgjevarane er med på delar av leiarmøtet kvar veke.
Informasjon i fellesmøter.

4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

Elevinspektør har orientert og samarbeidd med elevrådet
Komande skuleår har vi planlagt at elevrådet skal delta i nokre møter med leiinga.

4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

Finne tid til arbeidet, både informasjon og samarbeidstid. Samtaletid.
Gode rutinar på tilbakemelding frå lærarane.

Kven har ansvar for eleven til ulke tider gjennom året, oppfølging.

Sjølv om vi føler vi ikkje har lukkast dette året, må vi tru på prosjektet og halde fast ved dei gode rutinane vi meiner vi har arbeid med i år.

5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare

5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?

Vi må fortsetje med Tett-På prosjektet. Prosjektet er særst relevant jamfør nytt reglement om fråvere.

Informasjon til personalet og elevane
Medverknad frå heile personalet og frå elevane/elevrådet
Større fokus på leksehjelpen
Arbeidsinnsats hos elevane

Rektor og ass.rektor har samtale med elever som har høgt fravær og som viser manglande arbeidsinnsats tidleg på hausten.

Fortsetje med informasjon om IV og konsekvensar.